

**Fra:** Synnøve Solbakken (synnove.sol@icloud.com)

**Sendt:** 17.06.2019 21:56:41

**Til:** Folkevalde

**Kopi:** ag.hestetun@gmail.com; Roald Kvamme

**Emne:** Spørsmål til møte Fylkesutvalet 20 juni

**Vedlegg:**

Til  
Fylkesordfører Anne Gine Hestetun

Spørsmål til Fylkesutvalet 20 juni

•Gjeld konsekvens etter endringar i lovverket for Arbeidsavklaringspengar (AAP)

Litt informasjon om AAP og lovendring.

01.01.18 kom nytt lovverk i kapittel 11 i folketrygdlova,Arbeidsavklaringspenger (AAP).

Lovendringa er i korte trekk:

Maks tid er sett ned frå 4 til 3 år.

Det er sett maks tid på unntaksregelen på 2 år (tidligere var denne regelen open),samtidig som lovverket her er stramma inn, og svært få får AAP ut over 3 år.

Det er innført ei karenstid, så du kan ikkje søkja ein ny AAP før etter 52 veker.

Det er og stramma inn på å komma inn i et AAP-løp.

Målet med innstrammainga var å få fleire i arbeid, og fort avklart i forhold til arbeidsevne og helsesituasjon.

Det som no skjer er at kronisk sjuke får avslutta sine AAP løp uten å vera ferdig avklart opp mot arbeid eller ein uføre søknad, dei mista si inntektssikring, blir henvist til privat forsørging eller økonomisk sosialhjelp.

Det nye lovverket er svært negativt for dei som er ramma.

Mange har vert i arbeidslivet i alt frå 10 til 40 år og betalt sin skatt.

Det blir opplevd at sjuke ikkje får den oppfølging dei har en rett på ut i frå sin situasjon, utfrå forvaltningslova og sitt 14 A -vedtak etter NAV lova.

Ytelse har ikke noko med kva oppfølging ein sjuk har en rett på frå NAV.

Fleire fell helt ut av NAV systemet fordi dei ikkje har rett på noko ytelse, dei opplever at dei ikkje får noko oppfølging,det blir opplevd som svært negativt.

Det som no blir opplevd er at flere kronisk sjuke må avslutta si behandling og videre utredning, på bakgrunn av sin økonomiske situasjon. Økonomisk sosialhjelp dekkjer ikkje opp for dyre medisiner, spesielt kosthold eller andre utgifter som følgjer med kronisk sjukdom.

Lovendringa med formålet til folketrygdlova og formålet til AAP, oppleves no som broten i denne nye lovendringa av 01.01.18.

Spørsmål:

- 1.Kva tiltak har fylkeskommunen sett inn for å møte denne nye gruppa vaksne kronisk sjuke mennesker med nedsatt arbeidsevne?
2. Korleis legg fylkeskommunen til rette for å følgja opp kronisk sjuke med tanke på at alle kan få fortsette si utredning og behandling?
- 3.Kva gjer fylkeskommunen med alle dei som er registrert med nedsatt arbeidsevne, har ein rett til oppfølging fra NAV men som ikkje har rett til nokon ytelse?
- 4.Kva tenkjer fylkeskommunen om at dei har fått dette ansvaret fra staten, med denne økonomiske utgiftsposten?
5. Vil fylkeskommunen yte press ovanfor Storting/Regjering for å retta opp denne urett som no har skjedd sjuke innbyggjarar i fylket vårt?

Mvh  
Synnøve Solbakken Ap.

Sendt fra min iPad